

Musea i Sogn og Fjordane

Til: Sogn og Fjordane Fylkeskommune ved kulturavdelinga
Frå: Musea i Sogn og Fjordane
Dato: 31.august 2018

Innmelding av investeringsbehov

Bakgrunn

Vi syner til brev «Kartlegging av utbyggingsplanar ved kulturinstitusjonane» dagsett 13.juni frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune (SFFK). I dette brevet ber fylkesdirektøren om innspel med vekt på følgjande:

- Kortfatta presentasjon av prosjekt/tiltak
- Kva behov skal prosjektet/tiltaket bidra til å løyse
- Førebels kostnad/finansiering av prosjektet/tiltaket
- Kva konsekvensar vil realisering av prosjektet/tiltaket ha for drifta av institusjonen
- Kva tidsplan er lagt for realiseringa av prosjektet/tiltaket
- Kva forventningar har institusjonen til fylkeskommunal medverknad

Oversikt over investeringsplanar

I Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) har vi definert status og framdrift for byggeprosjekt i følgjande fasar:

- Programfase
- Prosjekteringsfase
- Kontraheringsfase
- Produksjonsfase
- Driftsfase

Vidare har vi identifisert fire prosjekt der vi vil involvere SFFK:

- Fellesmagasin, Førde
- Vernebygg Holvikejekta, Sandane
- Utvikling Kvernsteinsparken, Hyllestad
- Sunnfjord museum, oppgradering administrasjonsbygg, Movika

Alle prosjekta er på programfase-nivå, og verken prosjektplanane eller kalkylane er på eit tilstrekkeleg godt detaljeringsnivå. Det betyr at det er stor usikkerheit knytt til det samla investeringsbehovet. Det er et ei målsetting om å oppnå finansiell dekning innan utløpet av 2020, med byggestart seinast ved utløpet av 2021 for alle prosjekta. Samstundes er vi budde på at tilsegner om anna finansiering enn frå SFFK kan føre til tidlegare oppstart av prosjekta.

Vi gjer elles merksam på at MiSF er midt inne i ein revisjon av dei strategiske målsettingane sine. I den samanheng jobbar vi med å tydeleggjere prioriteringane våre for investeringsplanane. Vi er ikkje klare med slik prioritering før i november 2018.

Nærare om investeringsprosjekta

Fellesmagasin:

Bygget (tidlegare Ramstad Eskefabrikk i Angedalen) er kjøpt og målet er å bygge det om til eit komplett magasin som dekker det samla magasinbehovet for alle avdelingane i MiSF, inkludert visnings/publikums-magasin og studierom. Bygget har også moglegheit for kontorplassar.

Prosjektet er på eit program-fase nivå og har ein førebels investeringskostnad på 35 mill. kr. Dette kjem i tillegg til dei 12 mill. kr som MiSF sjølv har brukt i samband med kjøpet av eigedommen. MiSF har ei forventning om at fylkeskommunen bidreg med 10 mill. kr til dette prosjektet. Vi forventar at staten bidreg med dei resterande 25 mill. kr.

Å få på plass endeleg finansiering til nytt fellesmagasin er vårt absolutt største og viktigaste behov. I supplementet til Kløften-søknaden som vart sendt til Kulturdepartementet av SFFK og MiSF 22.juni 2018 er det også slått fast at Kløften og Fellesmagasinet må sjåast i samanheng, då magasinløyisinga i Kløften vil vere utilstrekkeleg for å løyse MiSF sitt samla magasinbehov.

Vernebygg Holvikejekta:

Holvikejekta er det første og største objektet i samlingane til Nordfjord Folkemuseum. Det er behov for eit nytt vernebygg for å sikre jekta. Dagens vernebygg er også ueigna til formidling. Frå og med 1.september har MiSF overteke eigarskapen til samlingar og bygg for Nordfjord Folkemuseum frå Nordfjord Sogelag. Såleis er det no MiSF som er formell eigar av Holvikejekta.

Gloppen kommune sendte 1.mars 2016 søknad til Kulturdepartementet om investeringstilskot til nytt bevarings – og formidlingsbygg til Holvikejekta. Denne søknaden fekk avslag, men det blei slått fast i den museumsfaglege vurderinga at Holvikejekta var den «*eneste bevarte åpne jekta av denne størrelsen*» og «*representerer skipstypen i mer enn regional forstand*». Departementet oppmoda om at det vart sendt ny søknad om investeringstilskot. Det er i denne samanhengen at vi må sjå MiSF sitt initiativ i budsjettsøknaden for 2018 til Kulturdepartementet om å søke om midlar til forprosjekt verne- og formidlingsbygg til Holvikejekta. Frå og med 2018 har MiSF teke over Gloppen kommune sitt ansvar for å søke om statleg investeringstilskot til vernebygg for Holvikejekta, og det er utarbeidd eit skisseprosjekt for nytt vernebygg og besøkscenter.

Realiseringa av eit slikt bygg vil gjere det mogleg å kunne formidle Holvikejekta gjennom heile året. Prosjektet er på program-fase nivå og syner ein førebels kostnad på 30 mill. kr. Gloppen kommune har sett av 10 mill. kr til nytt vernebygg til Holvikejekta i sine økonomiplanar. MiSF har ei forventning om at SFFK bidreg med 10 mill. kr og at staten bidreg med den siste tredelen.

Utvikling av Kvernsteinsparken:

Norsk Kvernsteinsenter og MiSF har utarbeidd planar for å oppgradere og utvikle Kvernsteinsparken i Hyllestad. Planen er å oppgradere eksisterande bygg, oppgradere turløyper og bygge eit besøkscenter og eit formidlingsbygg i parken. Besøkscenteret skal også romme kontor. Løyisinga vil sikre at personellet kan vere tilstades i parken heile tida og bli meir tilgjengeleg for publikum. Det same gjeld for formidlingsrommet. Eit eigna formidlingsrom vil sikre formidling gjennom heile året.

Prosjektet er på program-fase nivå og har en førebels kostnad på 25 mill. kr. Det er forventa at SFFK skal bidra med 5 mill. kr.

Sunnfjord Museum, oppgradering administrasjonsbygg Movika:

Behovet til Sunnfjord Museum er samansett. På den eine sida har det over lang tid vore peika på behovet for ei større oppgradering av museet både i høve til kontorsituasjon, eigna formidlingsareal og betre trafikale løysingar i Movika. Dette er tenkt løyst i samband med Kløften. På den andre sida har vi tilsynssaka med Arbeidstilsynet frå 2016.

I tilsynssaka frå Arbeidstilsynet vart det påvist fleire avvik på kontorbygget. Det vart mellom anna avdekt betydelege svakheiter knytt til personalrom og garderobar. Eit konsulentfirma har vore engasjert til å vurdere kva som må gjerast for å lukke avvik og vi har planar for å løyse desse konkrete utfordringane. Prosjektet er på eit program-fase nivå og har ein førebels kostnad på 5 mill. kr. Men våre forventningar til dette er betinga av avklaring om Kløften. Dersom Kløften blir realisert kan behovet for finansiering av denne oppgraderinga falle bort. Likeeins blir behovet aktualisert dersom Kløften ikkje blir realisert, og då har MiSF ei forventning om at fylkeskommunen bidreg med 2,5 mill. kr. Vi vurderer å gå til Førde kommune/Nye Sunnfjord kommune for å få dekt inn restansen på 2,5 mill. kr.

Det oppgraderinga av administrasjonsbygget *ikkje løyser* er behovet for eit heilårs formidlingsareal der vi kan ha både faste og mellombelse utstillingar i Movika. Per i dag har vi ikkje konkrete planar for å løyse dette, men vi ønskjer å drøfte saka med SFFK dersom Kløften ikkje blir realisert.

Oppsummering av finansieringsbehov

Vi kan oppsummere det samla finansieringsbehovet for utbyggingsplanane til MiSF i denne tabellen:

| Prosjekt | Samla investeringsbehov (mill. kr) | Forventa finansielt bidrag frå SFFK (mill. kr) |
|--------------------------------------|---|---|
| Fellesmagasin | 35,0 | 10,0 |
| Vernebygg for Holvikejekta | 30,0 | 10,0 |
| Utvikling av Kvernsteinsparken | 25,0 | 5,0 |
| Administrasjonsbygg Sunnfjord Museum | 5,0 | 2,5 |
| SUM | 95,0 | 27,5 |

Vi nyttar gjerne det avtala dialogmøtet 12.september til å utdjupe planane våre.

Med vennleg helsing

Kjartan Aa Berge
Administrerande direktør
Musea i Sogn og Fjordane
(sign)